

Kjære du!

Av Ottar Roaldset

AKTIVT MUSIKKLIV

Frå sist på 1950-åra og utover til først på 1970-talet var det stor aktivitet i musikklivet i Tingvoll. Her skal vi fortelje om første forsøket på å delta i Melodi Grand Prix av folk herifrå.

Det skjedde med songen «Kjære du» som var skapt av Erling Kvendbø og Rolf Grande. Anders Koksvik har opptak frå den kvelden da den vart framført for første gong. Det skjedde i ungdomshuset «Høgla». Waldo Heggset var ein godt opplagt konferansier. Han annonserte at det ville bli urframføring av ein ny song, og la til at «vi i komiteen trur at det skal bli ein toppslager». Han kalla fram Erling Kvendbø til å fortelje om songen:

«Det handle om en gut som går oppe i Tingvollia ein haustdag. Skodda ligg over Tingvollvågen og innover Stølvatnet. Han minnest det som skjedde på vårparten, på ei fin jente og den fine sommaren han har hatt. Og så gikk det bra.

Sjølve tanken på teksta kom eg på nedi potetåkeren medan eg tok opp potet. At det vart som det vart, har mange årsaker. Vi var samla oppmed Gunnar Bråttvik ein kveld. Rolf Grande sat og klunka ein melodi på pianoet. Da sa eg at dersom de laga ferdig na melodien, skal eg laga tekst, og det skal bli ei skikkeleg tekst og ikkje slik yeah, yeah-greier».

KVA VILLE GRIEG HA SAGT?

Rolf Grande vart kalla fram. Han sa at han undrast på kva Grieg ville ha sagt om melodien, om han hadde vore der. Sjølv hadde han vakse opp med klassisk musikk, for far hans spela det på fele. Rolf meinte at resultatet dei skulle lage måtte bli «soft, very soft». Og med det utgangspunktet starta dei.

Dei drogst med å få tekst og tone saman. Erling hadde tenkt seg å skrive teksta først, slik at Rolf skulle sette tone til etterpå. Det gikk ikkje, så Erling sa at dei snarra rundt på teksta mange gonger før dei fikk det til.



Dette fotoet av Meisingsets kvintett stod i avisa før dei skulle til Kristiansund og spele. Orkesteret utvikla seg frå trio via kvartett til kvintett mellom 1957 og 1964.

Frå venstre: Tore L. Meisingset, Rolf Grande, Knut Koksvik, Olav Rimstad og Anders Koksvik.

Da songen «Kjære du» vart lansert i Høgla første gongen, var det ei anna besetning som spelte, med Ottar Torslett som solist. Seinare vart det danna ei gruppe som kalla seg «Jordgubban». Dei var i Oslo og spelte på den store ballfestene til Nordmørslaget i Oslo. Foto: M. Vassli

SENDT INN TIL GRAND PRIX

Men da dei omsider var ferdige, sa Rolf at han tykte både tekst og melodi var meget bra. Førsteframføringa var med Ottar Torslett som solist. Torslett var ein stor kar. Opptaket frå konserten fortel at han hadde stor stemme, og at han også song godt.

«Kjære du» vart sendt inn til Melodi Grand Prix. Der nådde den ikkje opp, men lokalt var den mykje bruka i dei følgjande åra.